

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Torill Monstad [mailto:torill.monstad@lavangen.kommune.no]

Sendt: 5. april 2002 10:41

Til: Torbjørn Lange

Emne: Ang høring

Hei.

Eg er kulturkonsulent i Lavangen kommune, ein liten kommune med ca 1000 innbyggjarar.

Me har mange synspunkt på kulturminnepolitikk, men er redd at fordi me er slik ein liten kommune vil det vere vanskelig for oss å setje av tid og pengar til å bidra med innspel. Det er tross alt ei svært omfattande utredning de har sendt til oss.

Det me sjølv sagt er mest uroleg for er at for små kommunar vil det vere vanskeleg, sjølv med større nettverk av kommunar, å betale for kompetanse til å gjere alt det som de no vil at kommunane sjølv skal ta seg av. Det me då fryktar er at kulturminner vil verte sterkt nedprioritert i distriktet. Og distriktet er ikkje Trondheim, Bergen og Stavanger, sjølv om nokon inni Oslo ser det slik. Distriktet er små kommunar som har svært dårleg økonomi, og dårlegare vert den. Då vil ikkje ting som "kultur" kome i nærheten av noko slags prioriteringsliste. Eg jobbar med kultur og veit dette. Eg fryktar at dersom det ikkje føl mykje pengar med dette så vil kulturminner verte endå dårlegare forvalta i framtida.

Helsing

Torill Monstad

17.04.2002